

Seksjonssjef Mette Nora Sætre
Avdeling for innovasjon og næringsutvikling
Vestland fylkeskommune

Bergen, 8.april 2020

Ber om utsetjing av planprogram, Regional plan for innovasjon og næring

Næringsalliansen i Hordaland og Sogn og Fjordane Næringsråd vil takke for høvet til å gje innspel til planprogrammet for Regional plan for innovasjon og næring. På vegne av kring 3000 bedrifter med meir enn 130.000 arbeidsplassar i Vestland fylke har vi sett fram til å medverke i prosessen. Vi ber likevel om at planprogrammet no vert utsett av omsyn til korona-epidemien.

Ein regional plan har ein tidshorisont på minst fire år. I desse dagar står næringslivet i Vestland i ein svært dramatisk situasjon som følgje av korona-epidemien. Meir enn halvparten av våre medlemsbedrifter har permittert tilsette. Éin av fire verksemdar fryktar konkurs, syner ei medlemsundersøking som er gjennomført dei siste dagane. I eit vidare perspektiv ser vi at trugsmålet er globalt. COVID-19-pandemien er meir djuptgripande og komplisert enn noko anna krise vi har opplevd. På toppen av dette opplever vi at primærnæringa i Noreg – olje- og gassindustrien – møter særskilte utfordringar i form av redusert etterspurnad og låge prisar. Vi stiller oss alle det same spørsmålet: Korleis ser verda og Vestland ut på den andre sida av krisa?

Våre styresmakter har sett i verk tiltak for å avgrense dei økonomiske konsekvensane for norsk næringsliv. Private verksemdar har, der det er mogleg, funne taktiske og kostnadsreduserande tiltak. I dei neste vekene og månadane er det avgjerande at både offentlege og private aktørar saman identifiserer naudsynte tiltak. Forståinga av dette må forankrast i ein djup analyse av vår nye røyndom. Det er heilt avgjerande å utvikle ein robust og strategisk handlingsmodell som tar høgde for ulike utviklingsscenario. Næringsalliansen i Hordaland og Sogn og Fjordane Næringsråd meiner at alle tilgjengelege planressursar i Vestland fylke må setjast inn i dette strategiske arbeidet.

Marit Warncke
Næringsalliansen

Bjørn Lødemel
Sogn og Fjordane Næringsråd